


# Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)

## Tildelingsstrategi for Time kommune 2022-2026



Utarbeidd av Ivar Tore Hetland, landbrukskontoret Time kommune, 2022



<b>Innholdsliste</b>	<b>Side</b>
Bakgrunn	2
Overordna føringar	2
Regelverk	2
Proessen	2
Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen	3
Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar	4
Lokale fristar for søking og kommunal sakshandsaming	7
Tilskotssatsar	8

## **Bakgrunn**

Hovudformålet med denne strategien er å stimulere aktive landbruksføretak som søkjar om produksjonstilskot og avløyartilskot til ein ekstra innsats ut over den daglege drifta på tiltak innan kulturlandskap og ureining. Gjennom denne SMIL-strategien vil kommunen i samarbeid med faglag landbruket, være med på å ta vare på landbrukets kulturlandskap i tråd med nasjonale og regionale føringar for landbrukspolitikken. Ivaretaking av kulturlandskapet ut over normal landbruksproduksjon etter naturmangfaldlova og å redusere ureining etter vassforskrifta er framheva som sentrale satsingsområde.

## **Overordna føringar**

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Landbruksplan for Time kommune
- Kulturminneplan for Time kommune
- Regionalplan for landbruket i Rogaland
- Regional plan og regionalt tiltaksprogram for vassforvaltning i Vannregion Rogaland
- Meld. St. 9 Landbruks- og matpolitikken
- Nasjonalt miljøprogram

## **Regelverk**

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruken av ulike tilskotsordningar er heimla i «Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket» §§ 1 og 8.

Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar og er vedtaksmyndigheit for alle søknadar på SMIL-tilskot. Statsforvaltaren har mellom anna ansvar for å legge til rette for at kommunane har gode rutinar i si sakshandsaming, handsamer søknadar om dispensasjon og er klageinstans på kommunale vedtak.

## **Proessen**

Landbrukskontoret i Time har hatt ansvaret for å gje SMIL-strategien innhald. For å sikra at strategien har forankring i næringa, er det bede om innspel frå Time bondelag. Statsforvaltaren har vore involvert og kome med innspel undervegs i prosessen. Tiltaksstrategien gjeld for 5 år. Kommunen tek sikte på at tiltaksstrategien skal fornyast i samband med fornying av kommunen sin landbruksplan som gjeld ut 2026.

Den 5-årige tiltaksstrategien er behandla politisk i kommunen den 07.04.2020.

## Fakta om jordbruket, kulturlandskapet og vassførekomstar i kommunen

Jordbruket er ei viktig næring i Time kommune, og kommunen er blant dei største jordbrukskommunane i landet produksjonsmessig. I 2021 har 241 føretak søkt produksjonstilskot. Mange av desse har fleire ulike produksjonar på bruket. Mjølkeproduksjon er den viktigaste produksjonen i kommunen med 101 aktive føretak. I tillegg kjem 73 føretak med ammekyr, 134 føretak med sau, 55 føretak med svinehald og 27 føretak med fjørfehald. Jordbruksføretaka i kommunen disponerer totalt 82.212 daa jordbruksareal. Dette er fordelt på 44.074 daa fulldyrka jord, 575 daa overflatedyrka jord og 37.563 daa innmarksbeite. Det meste av det fulldyrka arealet vert nytta til grovfôrproduksjon, men det er og 40 føretak som dyrkar korn på eit areal på totalt 3.368 daa, 4 føretak dyrkar poteter på 80 daa og 2 føretak dyrkar grønsaker på 99 daa.

Gjennom regionalt miljøtilskot vert det gjeve tilskot til ulike miljøtiltak som til dømes miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel, drift av bratt jordbruksareal og beiting av kystlynghei og andre biologisk verdifulle areal. I 2021 søkte 127 føretak i Time om regionalt miljøtilskot. Regionalt miljøtilskot er i hovudsak retta mot tiltak knytt til den jamnlege drifta av kulturlandskapet, medan SMIL-midler vert løyvd til større, einskilde tiltak som i hovudsak ikkje vert gjentekne årleg. Det vert ikkje løyvd SMIL-midler til tiltak som er dekkja gjennom regionalt miljøtilskot.

Dei vestlege delane av kommunen ligg lågast, er dominert av eit relativt flatt landskap og mesteparten av areala er dyrka opp og i aktiv jordbruksdrift. I dei austre delene av kommunen er terrenget langt meir kupert med store fjell- og heieområder. Desse utmarksområda er ein god ressurs som utmarksbeite, og 114 av jordbruksføretaka i kommunen søkjer tilskot for dyr på utmarksbeite. Mykje av utmarksareala er registrert som kystlynghei med høg verdi for biologisk mangfald.

Då mykje av arealet i kommunen er aktivt drive jordbruksareal, og husdyrtettleiken er høg, er det utfordringar knytt til avrenning av næringsstoff. Mesteparten av arealet i kommunen inngår i nedslagsfeltet til høvesvis Håvassdraget og Orrevassdraget. I tillegg er mindre deler av kommunen del av nedslagsfeltet til Salteåna, Tvihaugbekken, Varhaugåna, Fuglestadåna, Bjerkreimsvassdraget og Figgjovassdraget. Håvassdraget, Orrevassdraget, Bjerkreimsvassdraget og Figgjovassdraget er alle verna vassdrag. Dei fleste av vassførekomstane i dei lågareliggjande delene av kommunen er i databasen Vann-Nett registrert med moderat tilstand eller dårlegare, og ein av årsakane til dette er næringsforureining frå jordbruk. Spesielt artar som til dømes villaks, sjøaure og elvemusling er sårbare ved forringa vasskvalitet. Landbruket har gjennomført mange tiltak dei siste åra for å bidra til redusert avrenning av næringsstoff, som til dømes reinseparar, ugjødselkantsoner og meir balansert gjødsling. Kommunen ynskjer å stimulera til ein fortsatt god innsats for å ta vare på vassførekomstane i kommunen.

I dei delene av kommunen med mest dyrka jord og mest intensivt jordbruk, er det lite udyrka restarealer att. Slike areal er viktige for det biologiske mangfaldet, gjennom at dei fungerer som leveområde for ulike artar som er avhengige av mindre intensiv drift. Kantvegetasjon langs vassdraga vil og vera viktige for å oppretthalda eit rikt og mangfaldig kulturlandskap. I dei indre og høgareliggjande områda av kommunen er store deler av areala registrert som naturtypen kystlynghei av høg verdi. Dette er areal som er forma gjennom beite, slått og lyngbrenning gjennom fleire århundrer. Dette er areal som er avhengige av rett bruk og skjøtsel for å oppretthalda lyngheipreget. Eit karakteristisk trekk for naturen i kommunen er eit rikt fugleliv, likevel syner opplysningar frå artsdatabanken at bestandane av fleire artar har gått sterkt tilbake, mellom anna er vipa i den siste utgåva av norsk raudliste for artar klassifisert som kritisk truga. Ei anna utfordring for naturmangfaldet i kommunen er spreieing av framande artar med høg økologisk risiko som til dømes platanlønn, sitkagran, raudhyll, kjempespringfrø og parkslirekne.

Gjennom årtusen med menneskeleg aktivitet og jordbruksdrift har Time rike førekomstar av kultur-minne. Alle kulturminne frå før 1537 er automatisk freda. Av kulturminner av nyare dato er dei viktigaste av desse omtala i kommunen sin kulturminneplan. Av kulturminne i jordbrukslandskapet er stein-gardane blant dei mest synlege og karakteristiske for jærlandskapet, og fortel om jordbruksdrift frå tidlegare tider. I samband med effektivisering av jordbruksdrifta, er mange steingardar blitt fjerna. Av den grunn har kommunen lagt føringar

i gjeldande landbruksplan for korleis steingardane i kommunen skal forvaltast. Andre døme på bevaringsverdige kulturminne i jordbrukslandskapet er eldre bygningar som til dømes dei karakteristiske jærhusa.

## Mål og tiltak for kulturlandskapet og vassførekomstar

### Ureiningstiltak i vassførekomstar

Fleire av vassdraga i kommunen har utfordringar med nedsett vasskvalitet som følgje av mellom anna avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal, og grunna dette skal tiltak mot ureining av vassførekomstar ha høgast prioritert ved tildeling av SMIL-midler i Time, og jamfør retningslinjer frå Statsforvaltaren er det ei målsetjing at 35 % av dei tilgjengelege SMIL-midlene skal nyttast til slike føremål. Å redusera forureininga vil bidra til betre tilhøve for sårbare vasslevande organismar.

Døme på tiltak mot ureining av vassførekomstar:

- Vedlikehald av eksisterande reinseparkar: Det er etablert over 100 reinseparkar i kommunen. Desse er avhengige av at oppsamla sediment vert reinska opp for at reinseparkane skal oppretthalda reinseeffekten. Sedimenta som vert fjerna, skal planerast på jordbruksareal med låg fare for avrenning.
- Etablering av nye reinseparkar: For at endå meir av avrenninga frå jordbruksareala i kommunen skal bli reinsa i ein reinsepark, er det ynskjeleg at det vert etablert fleire reinseparkar på eigna stader. Etablering av nye reinseparkar kan dessutan vera eit godt avbøtande tiltak i samband med nydyrking. Ved søknad om tilskot til etablering av nye reinseparkar skal det føreliggja fagleg kvalifiserte teikningar og berekningar av reinseeffekt.
- Tiltak for sikring mot flaum og erosjon: Flaum og erosjon bidreg til utvasking av jordpartiklar og næringsstoff. Det kan løyvast SMIL-midler til tiltak som reduserer dette. Det er avgjerande at tiltaka vert gjennomført på måter som tek omsyn til biologisk mangfald.
- Opning av lukka vassløp: Opne vassløp har ein positiv effekt for biologisk mangfald og auka moglegheit for reinsing av næringsstoff og partiklar samanlikna med røyrlagde vassløp. Mange av dei eldre lukningsanlegga er dessutan underdimensjonert med tanke på auka nedbørs-mengder, og ei opning vil dermed redusera risiko for flaum og erosjon.
- Etablering av kantvegetasjon langs vassdrag: Ein variert kantvegetasjon langs vassdraga er med på å motverka flaum og erosjon, og bidreg til å ta opp avrenning før det når vassdraget. I tillegg har kantvegetasjonen ein positiv effekt for biologisk mangfald.
- Hydrotekniske tiltak: Der eksisterande lukka kanalar og liknande ikkje lenger fungerer tilfredsstillande, kan det løyvast tilskot til dømes til utskifting av røyr med større kapasitet, noko som reduserer risiko for flaum og erosjon. Andre døme på tiltak er sikringstiltak ved kummar og liknande. Då utskifting av røyr til større dimensjon ikkje har like store positive økologiske effekter som opning av vassløp, vil tilskot bli utmålt med ein lågare sats enn opning.

Fleire av de nemnte tiltaka kan krevja løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag eller vassressurslova. Desse søknadane må handsamast av fylkeskommunen, statsforvaltaren eller i enkelte høve NVE.

### Biologisk mangfald og kulturlandskap

Eit variert landskap er avgjerande for å ta vare på det biologiske mangfaldet i kommunen. Fleire viktige artar har hatt nedgang i bestandane dei siste åra og er dermed raudlista. Det er gjort fleire kartleggjingar av naturtypar i kommunen. I lågareliggjande deler av kommunen er det stort sett mindre udyrka restareal, som til dømes blaute myrar, mindre skogsareal og enkelte ekstensivt drivne beiteareal innimellom dyrka jord som

er registrert som viktige naturtypar. I dei høgareliggjande delene av kommunen er det store samanhengjande areal klassifisert som kystlynghei. Kystlynghei er å rekne som ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova. Ei ny satsing frå statsforvaltaren i 2021 var bruk av SMIL-midler til fjerning av piggtådgjerder. Då piggråd framstår som skjemmande i landskapet og utgjer ein dyrevelferdsrisiko for vilt og husdyr, ynskjer Time kommune å vidareføra denne satsinga.

Døme på tiltak for biologisk mangfald og kulturlandskap:

- Tilrettelegging for truga artar: Det kan løyvast tilskot til tiltak som betrar livstilhøva for ulike truga artar. Til dømes å leggja til rette for hekkeplasser for truga fuglar, eller dammar tilpassa salamander.
- Skjøtsel av areal registrert som viktige naturtypar: Fleire av areala som er registrert som viktige naturtypar krev skjøtseltiltak for å oppretthalda ein god tilstand. Døme på dette kan vera lyngbrenning i kystlynghei, fjerning av skog frå myrar og skjøtseltiltak knytt til hole eiketre. Tiltaka skal vera i samsvar med skjøtseltiltak nemnde i faktaark i miljødirektoratet sin naturbase, eller i tråd med ein eigen skjøtelsplan for området.
- Utarbeiding av skjøtelsplanar: Det kan gis tilskot til utarbeiding av skjøtelsplanar som har som føremål å ta vare på viktige naturområde, eller truga artar.
- Fjerning av framande artar: Fleire framande artar har stor risiko for å spreia seg til viktige naturområde og fortrenge stadeigne artar. Tilskot vil bli prioritert etter naturverdi på areala, og risiko for skade på naturverdiane.
- Fjerning av piggråd: Ved innføring av ny dyrevelferdslov i 2010 vart det innført forbod mot å gjerda for dyr med piggråd. Det kan løyvast tilskot til fjerning av piggrådgjerder oppsett før dette forbodet vart innført. Det vert løyvd ein fast meterssats for fjerning av piggrådgjerde, med ein noko høgare sats der piggråden skal erstattast med nytt gjerde utan piggråd, eller spesielle tilhøve der arbeidet framstår som sær arbeidskrevjande, til dømes der gjerda går langt til heis utan åtkome med traktor eller ATV.

For å sikra at tilskot vert løyvd til tiltak som har best mogleg effekt for å styrkja biologisk mangfald, og ikkje medfører utilsikta negative konsekvenser, vil det vera aktuelt å henta inn uttale frå statsforvaltaren. I enkelte høve vil tiltaka og krevja løyve etter anna lovverk.

## Kulturminner

Gjennom århundra har landbruket sett sitt preg på landskapet i kommunen, og kommunen er rik på kulturminne som vitnar om tidlegare bruk av areala. Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova, medan kulturminne i jordbrukslandskapet av nyare dato er gjeve eit vern gjennom § 4 i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket, som slår fast at tilskotet skal avkortast dersom det vert gjennomført inngrep som forringar kulturlandskapet utan at dette er godkjent av kommunen på førehand. Som ein konsekvens av effektiviseringa i jordbruket og bruk av større maskinar, er det press på mange av dei eksisterande kulturminna. I enkelte høve vil fjerning av kulturminna avhjelpa så store driftsmessige ulemper at det må tillatast. Eit mål for forvaltning av kulturminna i jordbrukslandskapet må vera å ta vare på eit godt representativt utval av ulike kulturminne, og oppretthalda viktige landskapstrekk.

Døme på tiltak knytt til kulturminner:

- Istandsetjing av automatisk freda kulturminne: Det kan løyvast tilskot til tiltak som bidreg til å setja i stand kulturminne som er automatisk freda etter kulturminnelova. Då det i utgangspunktet er forbode å gjera inngrep i freda kulturminne, er det avgjerande at alle tiltak vert godkjende på førehand av kulturminnemyndigheitene hjå fylkeskommunen eller riksantikvaren.
- Restaurering av steingardar: Steingardane er blant dei mest karakteristiske kulturminna i det jærsk kulturlandskapet. For å oppretthalda landskapsbiletet løyver kommunen SMIL-midler til restaurering av steingardar. Det vil vera eit vilkår for tilskot at steingarden framstår som ein tradisjonell handlødd

steingard etter restaureringa. Steingardar som er godt synlege langs vegar og turstiar, eigedomsgrenser og som inngår i heilskaplege kulturmiljø, som til dømes geilar, vil bli prioritert.

- Restaurering av verneverdige bygningar: Eldre bygningar knytt til gardsdrifta.

### Friluftsliv

Kulturlandskapet byr på rike opplevingar knytt til friluftsliv, noko som igjen kan vera med å bidra til auka fysisk aktivitet, betra folkehelse samt auka kunnskap og forståing for både landbruk og natur. Mange bønder i Time har lagt ned ein god innsats for å leggja til rette for friluftsliv på sine eigedommar, og opna private landbruksvegar og stiar for ferdsle i eit aktivt jordbrukslandskap. Auka folketal i tettstadane fører til mykje trafikk på turstiar i sentrale strom. Det er og ei utfordring at det etter kvart som fleire utan noko tilknytning til jordbruket nyttar seg av friluftsmoglegheiter i kulturlandskaper, kan oppstå potensielle konflikter mellom friluftsliv og jordbruk. Dømes på konflikter kan vera husdyr som vert skremt av hundar, parkeringsproblem, forsøpling, nedtraking av avlingar og ulukkesrisiko dersom folk ikkje er merksame når ein ferdast i nærleiken av landbruksmaskinar i arbeid.

Døme på tiltak knytt til friluftsliv:

- Etablering av nye turstiar: Stiar som fører til større samanhengande turstinett, løyser spesielle konflikter eller opnar spesielt interessante område for friluftsføremål vil bli prioritert.
- Oppgraderingar av eksisterande turstiar: Det kan løyvast SMIL-midler til større oppgraderingar på eksisterande turstiar, men ikkje til normalt vedlikehald, då dette er dekkja gjennom RMP-ordninga.
- Merking, skilt og informasjonstavler ved turstiar: Dette vil vera gode tiltak for å informera turgåarar om landskapet dei ferdast i, samt informasjon som kan bidra til mindre konflikter mellom jordbruk og friluftsliv.
- Gjerdeklyvarar og hundeportar.

### Redusere utslepp til luft og unngå plantevernmidde på avveie

Eit godt tiltak for å redusera utslepp til luft, er å leggja tak over utandørs gjødsellager. Eit vilkår for tildeling av SMIL-midler til dette er at det i tillegg er søkt om midler frå Innovasjon Norge til tiltaket. Då Innovasjon Norge nyleg har auka makssatsen for tilskot til gjødsellager frå 100.000 til 200.000, har statsforvaltaren tilrådd at det ikkje vert løyvd meir enn kr 50.000 til tak over gjødsellager. Det er og vilkår om at søkjar skal ha lagringskapasitet for husdyrgjødsel for minst 10 månader.

Det kan og løyvast tilskot til tiltak som bidreg til redusert risiko for plantevernmidde på avveie. Eit døme på dette er såkalla biobed på staden der ein fyller og vaskar åkersprøyta. Føremålet med dette er å filtrera ut restar av plantervernmidde frå vaskevatt og eventuelt søl, og på den måte redusera faren for punktutslepp. Tiltak på bruk med produksjonar som krev mykje plantevernmidde eller ligg nær sårbare vassførekomstar, vil bli prioritert.

### Fellestiltak og planleggingstiltak

Det er ynskjeleg å stimulera til eit godt samarbeid om miljøtiltak som fører til positive verknader over fleire eigedommar. Ved gode tiltak der fleire grunneigarar samarbeider om gjennomføring av tiltaket, kan det løyvast høgare tilskotssats.

Det kan og løyvast tilskot til planleggingstiltak og tilretteleggingsprosjekt som tek sikte på gjennomføring av tiltak ved eit seinare høve. Dette kan til dømes vera utarbeiding av skjøtselsplanar for å ivareta kystlyngei og andre biologisk viktige areal, planar for erosjonssikring eller andre prosjekt som kan resultera i gode miljøtiltak på landbrukseigedommane i kommunen.

## Lokale fristar for søking

Time kommune har hittil ikkje hatt egne frister for levering av søknader om SMIL-midler og har handsama søknader løpande etter kvart som dei kjem inn. Statsforvaltaren tilrår at kommunane set egne frister for levering av SMIL-søknader. Dette vil gjera det lettare å prioritera dei søknadane som gir best effektar for miljø og kulturlandskap, og gi ei meir rettferdig fordeling av midlane samanlikna med ein «første mann til mølla»-praksis.

Fristane kommunen har sett for søking på SMIL-midlar er:

**Vår: 1. april**

**Haust: 1. oktober**

Søknader om vedlikehald av reinseparkar vert unnateke søknadsfrist, då dette er tiltak som har høgaste prioritet, og det er ynskjeleg å kunna handsama slike saker fort slik at vedlikehaldsarbeidet kan setjast i gang fort ved gunstige vêrtilhøve.

Søknaden skal leverast elektronisk gjennom landbruksdirektoratet si nettløysing:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil>

Vedtak etter SMIL-forskrifta i kommunen vert fatta administrativt av tilsette på landbrukskontoret. Statsforvaltaren i Rogaland er klageinstans.

## Tilskotssatsar

Skal ligge til grunn for utmåling av tilskot og ved ev. klage på tilskotssats må Statsforvaltaren rette seg etter dei kommunale tilskotssatsane.

**Prioritet:** Skala frå 0 til 10 (0 har lågaste prioritet og lågast tilskotssats).

**Tilskotssats:** Høgaste tilskotssats som kommunen kan løyve, og må stå i forhold til prioritet.

	Miljøtema	Prioritet	Tilskotssats-inntil
	Hule eiker	7	70 %

<b>Biologisk mangfold og kulturlandskap</b>	Slåttemark/slåttemyr	5	60 %
	Kystlynghei	7	70 %
	Trua naturtyper	6	60 %
	Biologisk verdifulle areal	6	60 %
	Fjerne fremmede arter	7	70 %
	Fjerning av piggtrådgjerde	4	Kr 5 - 10 / lm
<b>Kulturminne/ kulturmiljø</b>	Automatisk freda	2	30 %
	Verneverdige bygg	3	30 %
	Steingjerder ol.	5	30 %
<b>Friluftsliv</b>	Turstier	4	40 %
	Andre tiltak Friluftsliv	4	40 %
<b>Avrenning til vatn</b>	Hydrotekniske anlegg	5	50 %
	Åpne lukka bekker	8	70 %
	Erosjonssikring	6	50 %
	Vegetasjon/kantsone vassdrag	8	70 %
	Mot flom langs vassdrag	6	50 %
	Fangdammer - etablering	8	70 % <sup>1</sup>
	Fangdammer - vedlikehold	10	Kr 15.000 <sup>2</sup>
	Miljøplantinger	7	60 %
	Andre tiltak vann	5	50 %
<b>Utslipp til luft</b>	Tak gjødsellager	5	35 %, Kr 50.000 <sup>3</sup>
<b>Plantevern</b>	Biobed	3	40 %

For fellestiltak og spesielle planleggingsprosjekt kan det vurderast høgare tilskotssatser, heilt opp til 100 % av kostnaden.

1: Der etablering av reinsepark er sett som eit vilkår for nydyrking, er maksimal tilskotssats 50 %.

2: Dersom det er snakk om sær store reinseparkar med stort nedslagsfelt, kan det løyvast større beløp, dersom dette er dokumentert gjennom detaljert kostnadsoverslag.

3: Det skal i tillegg søkjast om midler frå Innovasjon Norge ved søknad om tilskot til tak over gjødsellager. Satsane på tak til gjødsellager kan variere frå år til år grunna Innovasjon Norge sine satsar. Dette kan òg påverke tilrådde satsar for SMIL frå år til år.